



Til: Alle tilsette i Stryn kommune

Korona - førebyggjande tiltak for tilsette

For å redusere smittefaren i samband med koronavirusutbruddet, gir Stryn kommune følgjande råd til sine tilsette, gjeldande frå og med 13. mars og inntil vidare.

Folkehelseinstituttet har definert at smittesituasjonen i Noreg er over i ein ny fase, der ein ikkje lenger finn smittekjelda til enkeltpersonar. Det er heller ikkje mulig å identifisere alle som har koronasmitte, sidan dei ikkje nødvendigvis har symptom. Tiltaka er viktige for å redusere smitte frå person til person i samfunnet, og derav beskytte dei sårbare gruppene.

Stryn kommune vurderer fortløpande tiltak for så langt som mogleg å redusere omfanget og konsekvensane av eit eventuelt utbrot i kommunen. I praksis betyr dette også å hindre at tilsette som er (potensielle) smitteberarar er på jobb.

Som tilsette i kommunen må vi vere særskilt observante på teikn på sjukdom dersom vi har vore i kontakt med nokon som har vore ute på reise, og då særskilt dei områda som er definerte som høgrisikoområde.

Ta kontakt med næraste leiar før du reiser på arbeid om du får kjennskap til at du har vore i kontakt med nokon som har blitt sett i karantene/påvist smitte.

Følgjande tiltak er innført:

- Heimekontor bør nyttast når det er mulig ut frå arbeidsoppgåvene og etter avtale med næraste leiar. Føremålet er å skape større avstand mellom tilsette på jobb, slik at smitterisikoen blir redusert. Det anbefalast at personar i risikogruppe så langt det er muleg jobbar heime.
<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/fakta/risikogrupper/>

Har ein ikkje etablert heimekontor, så gje beskjed til næraste leiar ved behov.

Ta alltid med pc og straumkabel heim etter arbeidstid i tilfelle iverksetting heimekontor eller karantene.

- Det er viktig å opprettholde funksjonar i helse- og omsorgstenester og andre kritiske samfunnsfunksjonar, samt å unngå at personer i risikogrupper brukes til barnevakt. Kvar avdeling må gjere ei konkret vurdering av kven av dei tilsette som har ein samfunnskritisk funksjon (sjå oversikt her) i høve koronautbrotet. For desse medarbeidarane sine born skal skular og barnehagar tilby barnepass. I vurderinga av om det er behov for tilbod i skule eller barnehage, må det takast med i vurderinga om den andre av foreldra eller annan omsorgsperson har muligheit for å passe borna.

Dette for å avgrense talet born som vil ha behov for tilbod i skule eller barnehage. Inntil tilbod er etablert lokalt bør heimekontor nyttast.

- Hald avstand til personar – gjerne minst 1 meter. Dette gjeld også i møtesamanheng.
 - Ingen handhelsing.
 - Ingen klemmar eller anna fysisk kontakt.
- Møteverksemd, både internt og eksternt, bør reduserast og nedprioriterast/avlysast om dei ikkje er naudsynte.
 - Bruk Skype eller videokonferanse.
 - All møteverksemd med eksterne blir halde på møterom utanfor «intern sone».
- Vurder tidspunkt ein avviklar matpausar og unngå at for mange personar har matpause på same stad til same tid.
- Tenestereiser, både nasjonalt og internasjonalt, bør reduserast til eit minimum. Det bør føreligge ei konkret vurdering i kvart enkelt tilfelle basert på tenestlege behov. Behovet for tenestereise avklarast med overordna leiar, og det må vidare avklarast at arbeidstakar ikkje blir sett i karantene ved framkomst reisemål eller ved retur.
- Tilsette bli råde frå private reiser både innan- og utanlands. Om ein allereie har bestilt reise må ein ta kontakt med forsikringsselskapet sitt om eventuell refusjon.
- Alle som returnerer frå reise utanfor Norden bli sett i karantene ved heimkomst til Noreg. Dette gjeld med tilbakeverkande kraft for alle avslutta reiser frå og med 27. februar. Karantene på 14 dagar gjeld frå den dagen ein kjem heim.
- Som tilsett i ein kritisk samfunnssektor, ber vi om at tilsette også på si fritid følger nasjonale råd og gjer tiltak for å unngå smitte.
- Hygiene i fellesområder
 - Vask hendene ofte, særleg etter at du har tatt i dørhandtak, kodelåser, heisknappar, trappegelender, kaffemaskin m.m.

Sjukefråvær/Sjukepengar

Stryn kommune følger retningslinjene som blir gjeve frå NAV når det gjeld rett til sjukepengar.

- For å ha rett til sjukepengar må du ha ei sjukemelding. Dette gjeld også ved isolasjon i karantene.

- Dersom du blir oppmoda til å vere i heimekarantene, skal du ta kontakt med lege for å få vurdert rett til sjukemelding. Diskuter tiltak for tilrettelegging med næraste leiar for å avklare muligheita for heimekontor for å unngå sjukmelding.
- Kontakt lege og arbeidsgjevar dersom du har vore i kontakt med nokon som sit i karantene/har fått påvist smitte.
- Eigenmelding er eit ordinært alternativ til sjukemelding om du kjenner deg sjuk. Dei fleste (per i dag) som blir sjuke er ikkje smitta av koronaviruset. Avklar i samråd med lege om du er usikker. Følg retningsliner frå legekantoret om korleis ein skal ta kontakt med lege.
- Vel du på eige initiativ å isolere deg heime på grunn av smittefare, har du ikkje rett til sjukepengar.
- Alle skular og barnehagar i Noreg er no stengt. NAV har no endra regelverket slik at ein kan nytte omsorgspengar (eigenmelding sjukt barn – under 12 år) i denne perioden. Dei fleste har rett til opptil 10 dagar (Sjå Arbeidsmiljølova § 12-9 og nav.no). Vurder arbeidsoppgåvene dine i samarbeid med næraste leiar og avklar om heimekontor er hensiktsmessig.
- Må du være heime i karantene fordi barnet ditt eller andre i husstanden er sjuke, kan du ha rett til sjukemelding fordi du sjølv kan vere smitta. Du må ta kontakt med legen din som kan vurdere rett til sjukemelding.
- Heimekontor kan vere ei løysing dersom dette er mogleg for slik å unngå sjukmelding/eigenmelding sjukt barn.

Vi oppmodar alle tilsette som har ei medisinsk utfordring, anten sjølv eller hjå næraste familie, som gjer dykk uroa om å kontakte næraste leiar for å diskutere eventuelle preventive tiltak i denne situasjonen.

Vidare er det særst viktig at rutinar knytt til handhygiene ol blir fylgt desse dagane for så langt som mogleg å stoppe smitteutbrotet.

Ny informasjon vil kome om føresetnadene blir endra.

Takk for det gode arbeidet de gjer også i denne situasjonen.

Helsing

Stryn kommune
Rune Hovde
Kommunedirektør

